



Rapport frå Stiftelsestilsynet

Styrearbeid i norske stiftelsar

- nivå på honorar og kostnader

«Godtgjørelse til styremedlem, daglig leder eller annen ledende ansatt i en stiftelse skal stå i rimelig forhold til det arbeid og ansvar som følger med vervet eller stillingen.»

stiftseslova § 40



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

(korrigert versjon 2)

Forord

Stiftelsestilsynet presenterer i denne rapporten funn frå ei undersøking der heile 93 % av alle norske stiftelsar har svart. Målet har vore å kartlegge kostnader norske stiftelsar har til styre og administrasjon. Vi vil rette ein stor takk til alle som har brukt tid på å svare på undersøkinga, der vi for første gong har tatt i bruk Altinn for å forenkle og auke svarprosenten. Svara har gitt oss viktig informasjon og god kunnskap om stiftelsessektoren i Noreg.

Norske stiftelsar tilfører samfunnet vesentleg meir pengar enn tidlegare antatt, og det har vore ein auke dei siste åra. Rapporten avdekker også at det er mykje dugnadsarbeid i norske stiftelsar, særleg i dei mange små stiftelsane.

Vi meiner det er viktig at vi gjennomfører slike undersøkingar. Det er ein nødvendig del av vår rolle som nasjonal tilsynsmyndighet å kartlegge den sektoren vi skal rettleie og føre tilsyn med. Ein del av samfunnssoppdraget vårt er å synleggjere stiftelsesforma og sektorens bidrag til samfunnet. Auka kunnskap kan også bidra til at vi som tilsyn kan drive meir målretta og effektivt.

Stiftelsestilsynet ønsker med denne rapporten å gi innsyn i ein sektor som tradisjonelt ikkje har vore synleg. Funna bør vere av interesse for stiftelsane sjølv, mottakarane, politiske avgjerdstakarar, forskrarar, media og ålmenta elles. Vi håpar undersøkinga vil bli brukt av mange.

God lesnad!

Førde, februar 2017



Atle Hamar

direktør Lotteri- og stiftelsestilsynet



Siw Heggedal Longvastøl

avdelingsdirektør Stiftelsestilsynet

Innhald

Forord	3
Innhald	4
1. Samandrag	5
2. Innleiing	6
3. Om stiftelsesforma og styrets ansvar	7
3.1. Særtrekk ved stiftelsesforma	7
3.2. Styrets ansvar	7
3.3. Styrehonorar	8
3.4. Stiftelsestilsynets rolle	9
4. Metode og framgangsmåte.....	10
4.1. Gjennomføring	10
4.2. Feilkjelder	10
5. Funn – generelt.....	11
5.1. Kven har svart?	11
5.2. Pengeutdelande stiftelsar eller aktivitetsstiftelsar?	11
5.3. Utdelte midlar i 2014	12
5.4. Eigenkapital	13
5.5. Tidsbruk på styrearbeid	14
5.6. Styrehonorar	15
5.7. Styrekostnader utover styrehonorar i pengeutdelande stiftelsar	17
5.8. Samanheng mellom eigenkapital og styrehonorar	17
5.9. Dagleg leiar	19
5.10. Samanheng mellom eigenkapital og løn til dagleg leiar	20
5.11. Samanheng mellom styrehonorar og løn til dagleg leiar	21
5.12. Revisjonskostnader	21
6. Funn – pengeutdelande stiftelsar	22
6.1. Oppgåver utført av styret	22
6.2. Kostnader til administrasjon	23
6.3. Eksterne tenester	23
6.6.1 Ekstern forretningsførar	24
6.6.2 Ekstern rekneskapsførar	24
6.6.3 Kostnader til ekstern kapitalforvaltar	24
6.6.4 Juridisk/økonomisk rådgivar	25
7. Funn – aktivitetsstiftelsar	26
8. Konklusjon	27
9. Vedlegg - kopi av spørjeskjema frå temaundersøkinga	28

1. Samandrag

Målet med denne undersøkinga har vore å kartlegge dei kostnadene norske stiftelsar har til styre og administrasjon i form av styrehonorar og administrasjonskostnader. Vi har også kartlagt kva type oppgåver dei gjer sjølv, og kva oppgåver dei set ut til andre, samt kor mykje dei bidrar med til samfunnet i kroner.

Bakgrunnen for problemstillinga er at Stiftelsestilsynet arbeider for å auke kunnskapen om organisasjonsforma i samfunnet generelt og blant stiftelsane spesielt. Det er også sentralt for Stiftelsestilsynet å få betre og sikrare kjennskap til stiftelsane, ettersom vi då vil kunne utøve betre skjønn innanfor dei rammene som lova gir, både i forvaltingssaker og ved tilsyn med stiftelsane. Auka kunnskap i samfunnet vil også bidra til at vi som tilsyn kan drive meir effektivt, ettersom dei tipsa vi tek imot, blir meir konkrete og betre funderte.

I arbeidet med undersøkinga har vi ikkje tatt stilling til kva som er rett nivå på styrehonorar i ulike stiftelsar, men vi viser til stiftseslova § 40, som seier at godtgjersle skal stå i rimeleg forhold til det arbeid og ansvar som følgjer med vervet eller stillinga.

Vi har tatt i bruk kvantitativ metode i form av spørjeundersøking. Svarprosenten var 93 %. Vi har analysert svara og auka validiteten gjennom stikkprøvekontroll. Vi ser på dette som tilstrekkeleg for å løyse oppgåva og få god kunnskap om korleis norske stiftelsar blir drivne.

Resultata av undersøkinga viser at det er mykje frivillig arbeid i norske stiftelsar. Dei fleste styra (72 %) tek ikkje honorar og gjer mykje av jobben sjølv. Av dei som tek honorar, er nivået stort sett lågt, men her er store variasjonar. I nokre få større stiftelsar blir det betalt ut høge honorar, og det er andre høge kostnader.

Vi har også kartlagt at norske stiftelsar i 2014 vurderer å ha delt ut 4 milliardar kroner til samfunnet. Dette er ein auke frå tidlegare år på 1 milliard kroner. I tillegg driv stiftelsane aktivitet som ikkje lèt seg kvantifisere på same måte, men som har svært stor verdi. Totalt sett utgjer det samla styrehonoraret for sektoren 3,5 % av utdelte midlar.

Alle tala vi har henta inn, tyder på at mange stiftelsar – trass i at trenden går i retning av fleire og større stiftelsar – framleis er relativt små. Dette gjeld eigenkapital og utdelingar, men også dei kostnadene stiftelsane har. I det generelle bildet er det også ein klar samanheng mellom størrelsen på stiftelsane og dei kostnadene dei har.

I undersøkinga har vi skilt mellom to grupper stiftelsar ved at dei sjølv har svart på om dei i hovudsak deler ut pengar (pengeutdelande stiftelsar). Dei som ikkje har utdeling som hovudformål, har vi kalla aktivitetsstiftelsar. Det er sistnemnde kategori som har dei største utgiftene til honorar og administrasjonskostnader. Dette ser vi på som naturleg, då det generelt viser seg at det ligg meir arbeid for styret og andre i aktivitetsstiftelsar, samanlikna med pengeutdelande stiftelsar.

Funna indikerer at norske stiftelsar yter mykje til det norske samfunnet i form av frivillig og ideelt arbeid. Sjølv om stiftelsane utfører svært ulike oppgåver, i både art og omfang, har dei det til felles at det er mykje dugnad.

Undersøkinga har sine svakheiter. Mellom anna kjem tala frå stiftelsane sjølv, og vi har berre gjort ein avgrensa stikkprøvekontroll der nokre feil er oppdaga. Samla sett meiner vi likevel at vi kan slå fast at pengane går til det dei skal: formåla.

2. Innleiing

Stiftelsestilsynet er eitt av to fagtilsyn i Lotteri- og stiftelsestilsynet med felles direktør og administrasjon. Stiftelsestilsynet held til i Førde og har ansvaret for tilsyn med og kontroll av alle stiftelsar i Noreg etter stiftseslova. Det er Kulturdepartementet som er overordna departement, og som set rammene for arbeidet gjennom hovudinstruks og årlege tildelingsbrev.

Vi har tidlegare gjennomført fire temaundersøkingar. I 2009 var temaet for undersøkinga internkontroll i stiftelsane, og datagrunnlaget blei innhenta frå 170 stiftelsar. I 2011 var temaet kjøp og sal av fast eigedom, og 40 stiftelsar deltok i undersøkinga. I 2012 gjennomførte vi ei kartlegging av pengeutdelande stiftelsar der vi bad samlede stiftelsar om å svare. Den gongen oppnådde vi ein svarprosent på 77 %. Det betyr at vi har tatt eit godt steg i riktig retning når 93 % har svart på årets undersøking. I 2014 fekk vi svar frå 180 utvalde bustadstiftelsar då vi undersøkte forvaltning og kontroll i bustadstiftelsar.

Formålet med temaundersøkinga i år har mellom anna vore å

- kartlegge dei kostnadene stiftelsane har til styre og administrasjon
- kartlegge den tida styret bruker på sitt arbeid, og i nokon grad også kva type oppgåver dei gjer sjølve, og kva oppgåver dei set ut til andre
- få eit betre empirisk grunnlag for den informasjonen vi har bede om, slik at vi kan fatte betre funderte vedtak i forvaltnings- og tilsynssaker

Dei opplysningane vi har fått, har vi halde opp mot og analysert saman med kvarandre og tilgjengelege registrerte opplysningar. Til dømes har vi analysert det opplyste honoraret opp mot det opplyste arbeidsomfanget, løn til dagleg leiar og eigenkapital.

I det vidare har vi først skrive litt om særtrekka ved stiftesesforma, styrets ansvar og generelt om styrehonorar (punkt 3). Vi har deretter gjort greie for korleis vi har gjennomført undersøkinga (punkt 4), og for dei generelle funna vi har gjort (punkt 5). Vi har så sett på funna for høvesvis pengeutdelande stiftelsar (punkt 6) og aktivitetsstiftelsar (punkt 7) i den grad desse ikkje er omtalte i den generelle delen. Som vedlegg til rapporten finn du ein kopi av spørjeskjemaet som stiftelsane svarte på elektronisk.

3. Om stiftelsesforma og styrets ansvar

3.1. Særtrekk ved stiftelsesforma

Kjernen i stiftelsesforma – det som skil stiftelsar frå andre rettsdanningar – er at formuen må vere stilt sjølvstendig til rådvelde for å realisere eit bestemt formål (sjølvstendekravet). Opprettar mistar ved opprettinga rådvelde over formuen som er overført til stiftelsen. Ein kan, med snevre unntak, ikkje dele ut midlar til opprettar, til opprettar sine nærliggande eller til selskap der nokre av desse kvar for seg eller saman har avgjerande innverknad.

Vidare er det eit heilt sentralt trekk ved stiftelsesforma at stiftelsane er sjølveigande rettssubjekt utan eigarar å svare for. Det er formålet til ein stiftelse som «eig» stiftelsen. Ein stiftelse har heller ikkje medlemmer med organisatoriske rettar. Ettersom stiftelsar ikkje har eigarar, er det i utgangspunktet ingen som kan instruere styret når dei skal forvalte stiftelsen, med mindre det er delegert kompetanse til eit anna organ i medhald av lova.¹ Dei føringar som styret har å rette seg etter, følger av stiftelsens vedtekter og stiftseslova av 2001.²

3.2. Styrets ansvar

Som styrets øvste organ har styret ansvaret for at stiftelsen forvaltar kapitalen sin best mogleg for å ivareta det vedtektsfesta formålet. I stiftseslova § 30 om styrets mynde og ansvar er det fastslått at:

«Styret er stiftelsens øverste organ.

Forvaltningen av stiftelsen hører under styret.

Styret skal sørge for at stiftelsens formål ivaretas, og at utdelinger foretas i samsvar med vedtekten. Styret skal påse at regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.»

Kva som ligg i å realisere stiftelsen sitt formål, vil vere avhengig av den enkelte stiftelsen og av kva som følger av vedtekten. Generelt er det likevel normalt å skilje mellom to typar stiftelsar. Den eine er dei pengeutdelande stiftelsane. Den andre er aktivitetsstiftelsane. Dei skal utføre noko eller drive ein form for aktivitet, til dømes drive ein barnehage, finansiere forsking eller halde eit kulturminne i hevd.

Dei pengeutdelande stiftelsane vil normalt foreta regelmessig utdeling, medan aktivitetsstiftelsar normalt ikkje driv utdeling regelmessig, eller har dette som sin hovudaktivitet. Aktivitetsstiftelsar kan likevel frå tid til anna dele ut midlar, og ein kan ha stiftelsar som både er pengeutdelande og har som formål å utføre noko. Spørsmålet vi stilte i undersøkinga, var om stiftelsen *«hovudsakleg driv utdeling av pengar til bestemt formål»*. Skiljet er nyttig, men ikkje heilt presist, noko vi også har erfart i undersøkinga. Vi har funne eksempel på stiftelsar som vi meiner har ei nokolunde lik fordeling av utdeling og anna verksemnd, men der stiftelsane har svart ulikt på spørsmålet. Vi meiner likevel at svara er representative.

Omgrepet *«utdeling»* er ikkje definert i stiftseslova. I forarbeida er det lagt til grunn at omgrepet langt på veg skal forståast på same måte som i aksjelova § 3-6. Det inneber at all overføring av økonomiske gode i utgangspunktet er omfatta. Det er ikkje berre einsidig overføring av økonomiske gode som kan vere utdeling. Også i tilfelle med gjensidig tyngande avtalar kan det vere tale om utdeling når det er misforhold mellom ytingane. For eksempel vil det vere utdeling om ein stiftelse leiger ut ei leilegheit

¹ Unntak gjeld for stiftelsar som har til formål å drive næringsverksemd sjølve, eller som driv næringsverksemd gjennom andre, og har ein grunnkapital på 3 millionar kroner eller meir. Slike stiftelsar er pålagde å ha dagleg leiar etter stiftseslova § 34. Vedtekten kan også ha bestemmingar om andre organ enn styret, jf. § 36.

² Stiftseslova blei gjeldande frå 1. januar 2005 og erstatta den tidlegare stiftseslova av 1980. Lova er no under utgreiing, og NOU 2016:21 «Forslag til ny stiftseslov» er ute på høyring.

stiftelsen eit, til ein pris som er lågare enn det marknaden er villig til å betale. Då vil differansen mellom utleigeprisen og marknadsprisen bli rekna som utdeling.

Det er styret i stiftelsen som skal vedta utdeling, og utdelinga skal vere i samsvar med det vedtektsfesta formålet, jf. stiftseslova § 19.

Dersom styret ikkje forvaltar oppgåvene sine rett, kan vedtak kjennast ugyldige (§ 7), disposisjonar kan krevjast tilbakeført (§ 19), og i siste instans kan stiftelsen eller Stiftelsestilsynet rette krav om skadebot mot styret sine medlemmer for tap som dei forsettleg eller aktlaust har påført stiftelsen, jf. stiftseslova §§ 56 og 57. I tillegg kjem mogleg ansvar overfor tredjepart.

Det er Stiftelsestilsynets oppfatning at det med svært få unntak blir gjort særskilt godt arbeid i norske stiftelsar, også av personar som ikkje har erfaring med styrearbeid eller tilsvarande arbeid frå før, men som av lojalitet til stiftelsen gjer eit prisverdig arbeid – i mange tilfelle på dugnad. I stiftelsar som forvaltar stor kapital, bør ein likevel vise varsemd med å ta på seg eit styreansvar om ein ikkje kjenner seg trygg på rolla og det arbeidet rolla inneber, åleine og saman med styret elles. Dette vil igjen kunne ha betydning for det honoraret og kostnadsbildet som det er hensiktsmessig at stiftelsen har, jf. nedanfor om styrehonorar.

3.3. Styrehonorar

Styrehonorar er vanleg i dei fleste organisasjonsformer, også i stiftelsar. Ei rekke ulike modellar kan nyttast for å fastsette honoraret. Normal teori går ut på at honoraret bør reflektere arbeidsmengd, ansvar og kompetansekrav. Mange hevdar også at honoraret reflekterer kor attraktive styremedlemmer ein organisasjon kan tiltrekke seg. Bildet er likevel meir nyansert, slik også svara på undersøkinga syner. Styrearbeid kan gi styremedlemmer verdi utover honoraret, i form av nettverksbygging, renommé, kompetanseheving og bransjeinnsikt, men også det å bidra til å skape verdi for organisasjonen og andre. Fleire bør omhandlar temaet.

For det arbeidet styret utfører for stiftelsen, kan styret få honorar – eller «godtgjørelse», som er det omgrep som er brukt i stiftseslova. I stiftseslova står det i § 40 følgjande om honorar:

«Godtgjørelse til styremedlem, daglig leder eller annen ledende ansatt i en stiftelse skal stå i rimelig forhold til det arbeid og ansvar som følger med vervet eller stillingen. Stiftelsestilsynet kan sette ned godtgjørelse som er urimelig høy.»

Godtgjørelse som er avtalt eller fastsatt i strid med første ledd, er ugyldig. Er godtgjørelsen ytet, skal den tilbakeføres stiftelsen.»

Det ligg ikkje føre generelle retningslinjer for honorering av styremedlem utover det siterte.

Mange stiftelsar er tufta på ideelle formål. Det er nok ein stor del av forklaringa på at svært mange styremedlemmer i stiftelsar ikkje får styrehonorar eller får eit svært avgrensa honorar. Av dei stiftelsane som har svart på undersøkinga, svarer 28 % at styret får honorar, og av dette er det igjen mange styremedlemmer som får eit avgrensa honorar.

For mange stiftelsar er gratisarbeid også nødvendig for å halde kostnadsnivået på eit fornuftig nivå, både fordi det isolert sett står i eit «rimelig forhold til det arbeid og ansvar som følger med vervet», men også vurdert opp mot stiftelsen si plikt til å forvalte kapitalen på ein forsvarleg måte. Honorara må også vere berekraftige for den enkelte stiftelsen.

I stiftelsar som over tid har knapt med midlar til formålet, er det vanskeleg å forsvare eit styrehonorar. I andre stiftelsar blir det utført eit omfattande arbeid og/eller det medfører eit stort ansvar å ha rolla. I slike tilfelle kan det vere naturleg å ta imot eit større honorar. Samtidig kan det vere svært krevjande å sitte som styremedlem i ein stiftelse som har økonomiske problem.

Det er styret som skal fastsette honoraret, med mindre denne oppgåva er sett ut til eit anna organ i medhald av stiftseslova § 36 andre ledd bokstav b), for eksempel eit årsmøte i ei foreining, eit kommunalt organ, eit selskap eller andre. Også den som har opprettet stiftelsen, kan ha slik myndighet. Om vedtekten ikkje har ei slik regulering, fastset styret sjølv honoraret sitt. Det følger av dette at styret i slike tilfelle heller ikkje er inhabile når det gjeld å vedta eige honorar. Her skil stiftelsar

seg frå andre organisasjonsformer der ein har aksjonærar eller medlemmer som vil kunne ha innvendingar.

I nokre stiftelsar er det gitt føringar på styret sitt honorar, som kan vere rådgivande eller bestemmande. Viss honorar eller honorarmodell er bestemt i vedtekten, vil styrets skjønn vere avgrensa til å vurdere om særlege omstende tilseier at styret likevel ikkje skal velje den løysinga som vedtekten føreskriv.³

Nokre gonger kan det vere andre reguleringar i vedtekten som fastset honoraret meir indirekte. For eksempel kan det vere fastsett ulike kompetansekrav eller krav om at spesifikke yrkesgrupper skal inngå i styret, til dømes advokat. Det kan då ut frå tilhøva elles vere naturleg at styrehonoraret blir vurdert i lys av det honoraret styremedlemmer får for anna arbeid.

3.4. Stiftelsestilsynets rolle

Stiftelsestilsynet legg ikkje føringar på honorarnivå, men kan sette ned honorar om vi finn at det er urimeleg høgt. Ei slik vurdering vil vere konkret for den enkelte stiftelsen, og særleg vurdert opp mot det arbeid og ansvar som er lagt til styrets medlemmer. I forarbeida til stiftseslova er det presisert at tilsynet skal gjere ein legalitetskontroll.⁴ Spørsmål om stiftelsen sine disposisjonar er formålstenlege, er overlatne til stiftelsens styre. Når honoraret er bestemt i vedtekten, vil ein reduksjon av honoraret vere avhengig av at honoraret representerer eit misbruk, eller at honoraret openbart er i mishøve.⁵

³ Borgarting lagmannsretts dom LB-2012-106951

⁴ Ot.prp. nr. 15 (2000–2001) side 62

⁵ Sjå også Borgarting lagmannsretts dom LB-2012-106951

4. Metode og framgangsmåte

4.1. Gjennomføring

Temaundersøkinga i 2016 er gjennomført med skriftlege svar. Vi sende først ut brev og e-post til alle norske stiftelsar med informasjon om undersøkinga. Brevet blei sendt til dei adressene og e-postadressene som stiftelsane sjølve har registrert i Einingsregisteret.

Spørjeskjema blei valt med bakgrunn i tidlegare positive erfaringar. Også for temaundersøkinga i 2016 er vårt inntrykk at dei fleste opplever løysinga som god. Nytt for temaundersøkinga i 2016 var at vi ved andre gongs purring tok i bruk internettportalen Altinn. Dette viste seg å vere nyttig for å nå ut til fleire stiftelsar, og er ein av grunnane til den gode svarprosenten.

Ved utsending av informasjonsbrev per post opplevde vi at mange brev kom i retur. Sannsynlegvis fordi stiftelsane ikkje har oppdaterte adresseopplysningar i Einingsregisteret. Mange av dei som kom i retur, nådde vi fram til via e-post og Altinn. Vi ettersende også ein del brev direkte til oppgitt kontaktperson/styreleiar si adresse. I tillegg til postadresser avdekte kontrollen ein del e-postadresser som ikkje lenger var i bruk, samt manglande oppdatering av styremedlemmer og kontaktpersonar. Vi arbeider kontinuerleg med å sjå til at det er registrert korrekte opplysningar.

Opplysningsane vi har bede om, er frå rekneskapsåret 2014. Dette fordi temaundersøkinga blei gjennomført våren 2016, og på dette tidspunktet hadde ikkje alle stiftelsane rekneskapen for 2015 klar. Enkelte av opplysningsane vi spurde etter, kjem fram i notar til offentleg rekneskap. Årsaka til at vi likevel spurde etter desse opplysningsane, er at det ville ha vore for arbeidskrevjande å hente dei ut manuelt, samt at det dessverre er tilfelle der notane til rekneskapane ikkje er heilt dekkande.

Det første informasjonsbrevet blei sendt ut 11. mars, med svarfrist 11. april. Den 12. april sende vi ut første purring, og 4. mai gjekk andre purring ut. Svarfristen på andre purring var først sett til 18. mai, men han blei seinare utvida til 6. juni. Den 18. mai hadde vi fått svar frå 86 % av stiftelsane. Ved lukking av undersøkinga 6. juni var svarprosenten oppe i 93 %, noko som er ein auke på 16 % frå førre obligatoriske undersøking, som var i 2012.

Vi vil også denne gongen nytte anledninga til å minne alle stiftelsar på å sørge for at ein alltid er registrert med korrekte kontaktopplysningar, slik ein er pliktig til. Dette gjeld særskilt no når Stiftelsestilsynet og andre etatar har gått over til elektronisk utsending som hovudkanal.

4.2. Feilkjelder

Det er fleire feilkjelder i undersøkinga. Vår oppfatning er at dette vil kunne ha noko å seie for tala, men at dei overordna slutningane og trendane likevel gir eit rettvisande bilde av situasjonen.

Ei feilkjelde er at stiftelsane kan ha tasta feil tal. Vi har ikkje hatt moglegheit til å kontrollere alle tal, men har funne grunn til å ta nokre stikkprøver, som syner at det er gjort feil. Den mest signifikante av desse er truleg at nokre har brukt tal i heile tusen der dei skulle oppgi fullt kronebeløp. Ei anna feilkjelde er at nokre stiftelsar kan ha misforstått spørsmål. Vi gjorde i forkant ei vurdering av spørsmåla, men ser at spørsmåla på nokre punkt kunne ha vore klarare, eller meir utførlig beskrivne.


Vidare er det for nokre stiftelsar vanskeleg å vurdere om dei i hovudsak deler ut pengar. Skiljet er nyttig, og trendane er tydelege, men ikkje eksakt. I tillegg var 2014 for enkelte stiftelsar ikkje eit typisk år, noko fleire opplyser om, men momentet vil slå ut begge vegar, og vi ser derfor ikkje på dette som ei stor utfordring.

I sum meiner vi dei svara vi har fått, er godt eigna til å belyse spørsmåla, men at undersøkinga må lesast med etterhald om at datagrunnlaget inneheld feilkjelder, som normalt er.

5. Funn – generelt

5.1. Kven har svart?


Vi spurde i innleiinga kva rolle den som svarte på vegner av stiftelsen, har. Svaret viser at det i over tre fjerdededalar av tilfella er ein person frå styret, dagleg leiar eller forretningsførar som har svart, men også at det er andre personar som har fått delegert denne oppgåva, for eksempel andre tilsette og rekneskapsførar. Dette illustrerer også i mange tilfelle kven som er kontaktperson, men delen der rekneskapsførar har svart, er truleg høgare enn elles på grunn av typen informasjon vi bad om.



5.2. Pengeutdelande stiftelsar eller aktivitetsstiftelsar?

I undersøkinga bad vi stiftelsane om å svare på om dei i hovudsak deler ut pengar eller ikkje. Stiftelsane delte seg her nærmast på midten.

Av totalt 6 389 stiftelsar svarte 3 276 at dei hovudsakleg deler ut pengar.



I undersøkinga har vi på fleire punkt sett eit skilje mellom pengeutdelande stiftelsar og andre stiftelsar, men skiljet er ikkje presist. Dette skuldast at mange opplever å vere delte mellom det å vere pengeutdelande og det å drive anna aktivitet. Vi ser også at stiftelsane har oppfatta dette noko ulikt. Lesaren må vere merksam på dette, men skiljet har vore nytig i undersøkinga, og etter vår oppfatning er trendane tydelege.

5.3. Utdelede midlar i 2014

Stiftelsane opplyser at dei totalt har delt ut 4 milliardar kroner i 2016. Det blir dessutan gjort arbeid som ikkje lèt seg kvantifisere på same måte, som når ein bruker midlar til drift av aktivitetar. I tillegg kjem dei stiftelsane som ikkje har svart, men vi legg til grunn at talet her er lågt, ettersom dei som har svart, representerer 99 % av den bokførte kapitalen.




Dei pengeutdelande stiftelsane opplyser at dei har delt ut til saman 3 milliardar kroner i 2014. Av dette kjem ein stor del frå relativt få stiftelsar. Dei fem største pengeutdelande stiftelsane delte til saman ut 1,25 milliardar kroner, og dei ti største delte til saman ut 1,6 milliardar kroner. 1 813 pengeutdelande stiftelsar delte ut under 1 million kroner kvar, og av desse var det 1 263 som delte ut 100 000 kroner eller mindre, og 637 som delte ut 20 000 kroner eller mindre.

Blant aktivitetsstiftelsane delte 269 stiftelsar til saman ut 1 milliard kroner i 2014. I endå større grad enn blant dei pengeutdelande stiftelsane er det her nokre få store stiftelsar som utgjer hovudtyngda. Dei fem største aktivitetsstiftelsane delte til saman ut 775 millionar kroner. Om lag halvparten av dei som delte ut midlar, delte ut 100 000 kroner eller mindre, og av desse var det 548 stiftelsar som delte ut 20 000 kroner eller mindre.

Av dei pengeutdelande stiftelsane var det 38 % som ikkje delte ut midlar i 2014, noko som kan sjå merkeleg ut når dei sjølve har definert utdeling som sitt primære formål. Bildet blir nyansert av fleire forhold, blant anna at nokre ikkje har midlar å dele ut kvart år, at andre ikkje får søknader kvart år, og at andre igjen har til formål å dele ut meir ad hoc til konkrete prosjekt ved behov.

Vi har òg sett på størrelsen på utdelingar gruppert etter intervall og fordelt på type stiftelse.



Framstillinga viser at dei pengeutdelande stiftelsane er forholdsvis fleire i dei lågare intervalla, medan aktivitetsstiftelsane, relativt sett, er forholdsvis fleire i dei høgare intervalla. Dette er med på å underbygge bildet av eit stort tal pengeutdelande stiftelsar med mindre kapital og mindre kapitalkrevjande formål.

Rapporterte utdelte midlar har auka mykje sidan sist vi spurde, men det er viktig at lesaren er merksam på at omgrepene utdeling og inntekt innebefatter skjønn. I dette ligg det ei feilkjelde, og vi har sett at stiftelsar har tolka dette ulikt over tid. Likevel meiner vi at tala på utdelte midlar i 2014 gir eit godt bilde.

5.4. Eigenkapital


For å kunne seie noko om størrelsen på stiftelsane har vi henta ut tal på eigenkapital. Vi har undersøkt eventuelle samanhengar mellom eigenkapital og styrehonorar samt eigenkapital og eksterne kapitalforvaltar for dei pengeutdelande stiftelsane.

Stiftelsane som har svart på temaundersøkinga, hadde til saman 139 milliardar kroner i eigenkapital i 2014. Dette utgjer om lag 99 % av den totale eigenkapitalen. 185 av stiftelsane som svarte, hadde i 2014 negativ eigenkapital.

Av totalen utgjorde pengeutdelande stiftelsar ein bokført eigenkapital på 80,6 milliardar kroner (58 %), med eit gjennomsnitt på 21,7 millionar kroner. Medianen⁶ ligg på 1,24 millionar kroner, noko som viser at dei fleste stiftelsane har langt lågare eigenkapital enn gjennomsnittet skulle tilseie. Det er nokre få stiftelsar som trekker opp snittet. Om ein trekker frå dei to største pengeutdelande stiftelsane, som til saman har om lag 30 milliardar kroner i eigenkapital, er snittet om lag halvert, til 11,7 millionar kroner.

Aktivitetsstiftelsane som svarte på undersøkinga, hadde ein bokført eigenkapital på 58,4 milliardar kroner (42 %). Gjennomsnittet er heilt likt som for dei pengeutdelande stiftelsane, med 21,7 millionar. Medianen er nesten lik, med 1,25 millionar. Som for dei pengeutdelande stiftelsane er det nokre få som trekker opp, og om ein trekker frå dei fire største, som til saman har om lag 30 milliardar kroner i eigenkapital, blir snittet om lag 9 millionar kroner, og det er noko lågare enn for dei pengeutdelande stiftelsane.

I diagrams form fordeler tal stiftelsar seg slik:




⁶ Median: Den verdien som ligg midt i det statistiske materialet: Like mange svar har verdi over medianen som under han. Medianen beskriv den sentrale tendensen utan å gi ekstreme verdiar stor vekt.


Tala viser tydeleg at det ikkje er stor skilnad i bokført kapital mellom pengeutdelande stiftelsar og aktivitetsstiftelsar, forutan at det er klart flest aktivitetsstiftelsar som har negativ eigenkapital. Diagrammet viser også at det, trass i at trenden i seinare år har gått i retning av færre og større stiftelsar, framleis er svært mange stiftelsar med relativt låg eigenkapital: Totalt 5 594 stiftelsar (87,5 %) har under 10 millionar kroner i eigenkapital, og halvparten av desse har under 1 million kroner i eigenkapital.

5.5. Tidsbruk på styrearbeid

Vi stilte også spørsmål om tal styremøte og tidsbruken for styret. Det vanlege er å ha 1–4 styremøte i året, noko heile 72 % hadde hatt i 2014. Blant aktivitetsstiftelsane er det vanlegare å ha hyppigare styremøte enn blant dei pengeutdelande stiftelsane. Ein ser også at det er ein del som ikkje hadde styremøte i det heile i 2014, og av desse er det stort sett pengeutdelande stiftelsar. Dette skuldast fleire forhold, som at ein i stiftelsar med einestyre ikkje har hatt formelle styremøte. Normalt vil ein måtte ha minst eitt styremøte for blant anna å godkjenne årsrekneskapen.



Vi spurde også om tidsbruken, og ein kan her sjå at i dei fleste stiftelsane held styremedlemmene seg under 24 timer, og at det er få som overstig 100 timer blant dei pengeutdelande. I aktivitetsstiftelsane blir det brukt langt meir tid på styrearbeid. I nær 10 % av aktivitetsstiftelsane hadde styremedlemmene meir enn 200 timer til styrearbeid i 2014.



Diagrammet tilseier at det ofte er meir arbeidskrevjande å sitte som styremedlem i ein aktivitetsstiftelse, og dette vil i mange tilfelle kunne forklare skilnaden i honorar som vi ser på nedanfor.

5.6. Styrehonorar


Av totalt 6 389 stiftelsar som har svart, har 28 % svart at styremedlemmene får honorar. Vi har mellom anna sett på styrehonorarets størrelse og tal stiftelsar innanfor ulike intervall.

Bryt vi dette ned på skiljet mellom pengeutdelande stiftelsar og aktivitetsstiftelsar, ser vi at det i høvesvis 78 % og 67 % av stiftelsane ikkje blir betalt honorar for styrearbeid. Dette heng nok blant anna saman med at det blant dei pengeutdelande stiftelsane er fleire mindre stiftelsar, og at arbeidet her for svært mange er overkommeleg.

På spørsmål om størrelsen på styrehonorar, både det totale styrehonoraret i stiftelsen og honorar til styreleiar, andre styremedlemmer og vara, svarer stiftelsane følgjande (tal i millionar kroner):

	Pengeutdelande	Aktivitet	Totalt
Samla styrehonorar	45,2	93,9	139
Styreleiar	15,6	32,7	48,2
Styremedlem	23	48,6	71,6
Varamedlem	1,5	3	4,6
Avvik i sum ⁷	5,2	9,4	14,7

⁷ Som ein ser, er det eit avvik mellom det samla styrehonoraret og summen av honorar når ein bryt tala ned på styreleiar, styremedlem og varamedlem. Slik vi les tala, har nokon oppgitt kostnader per styremedlem, medan andre har oppgitt kostnader totalt for samlege styremedlemmer, og at det same gjeld for varamedlemmer. Vi antar derfor at avviket skuldast at talet for styremedlemmer er for lågt, og at også talet for varamedlemmer er noko for lågt, men at tala for samla styrehonorar og styreleiar er riktige.




Sjølv om dei utgjer rundt halvparten av stiftelsane, har dei pengeutdelande stiftelsane samla om lag halvparten så mykje i styrehonorar som aktivitetsstiftelsane. Bildet samsvarer godt med dei andre funna vi har gjort, til dømes tida ein bruker, jf. punkt 5.5 ovanfor.

Vi har også sett på gjennomsnittleg styrehonorar, fordelt på pengeutdelande stiftesar og aktivitetsstiftelsar. Vi har sett på snittet blant dei stiftelsane som betaler honorar, snittet blant alle stiftelsane innanfor kategoriane og det samla snittet.

	Pengeutdelande	Aktivitet	Totalt
Samla styrehonorar	45 212 453	93 861 559	139 074 012
Tal stiftelsar med honorar	741	1 034	1 775
Gjennomsnitt blant stiftelsar med honorar	61 015	90 775	78 352
Gjennomsnitt blant alle stiftelsar	14 528	28 651	21 771
Median for alle stiftelsar	3 650	45 000	

Vi har også sett på tal stiftelsar og styrehonorar i intervall for å vise i kva intervall stiftelsane ligg.




Av stiftelsane som har styrehonorar, har 44 % eit samla styrehonorar på under 25 000 kroner. Deretter er tal stiftelsar i intervalla slik diagrammet viser.

5.7. Styrekostnader utover styrehonorar i pengeutdelande stiftelsar

Pengeutdelande stiftelsar har svart på kor store kostnader dei har til styret utover styrehonorar. Av dei 3 276 pengeutdelande stiftelsane hadde 1 236 slike andre kostnader til styret.

Kostnader til styre utover honorar i pengeutdelande stiftelsar:




Slik vi forstår det, omfattar kostnadene kostnadsdekning i samband med styrearbeid avgrensa mot honorar. Den totale summen for dei 1 236 stiftelsane som hadde slike kostnader, er 51 millionar kroner, noko som gir eit snitt på om lag 41 000 kroner per stiftelse for dei som har slike kostnader, eller om lag 15 000 kroner om ein fordeler det på alle dei pengeutdelande stiftelsane. Nokre få stiftelsar med store kostnader trekker også opp snittet. I totalbildet og generalisert ser vi at kostnadene er låge, og at styret i liten grad belastar stiftelsane med kostnader.

5.8. Samanheng mellom eigenkapital og styrehonorar

Vi har òg sett på om det kan vere ein samanheng mellom størrelsen på stiftelsane, målt i eigenkapital, og styrehonoraret. Det er verdt å merke seg at den bokførte kapitalen, ofte med mykje fast eigedom, er lågare enn den reelle verdien. Dette gjeld likevel ikkje alle, og i nokre tilfelle vil ikkje stiftelsen ha høve til å realisere slike verdiar utan å komme i strid med formålet, slik at reell verdi har mindre betydning. I tillegg er styrets ansvar og arbeidsmengd i mange tilfelle større enn den bokførte eigenkapitalen åleine skulle tilseie.


Styrehonorar samanhølde med eigenkapital i intervallar, median og gjennomsnitt



Som ein kan sjå av diagrammet, er det ein klar samanheng mellom styrehonoraret og eigenkapitalen i stiftelsar når ein ser på dei 1 767 stiftelsane som har styrehonorar.

Om ein skil mellom dei pengeutdelande stiftelsane og aktivitetsstiftelsane, ser ein den same samanhengen, men med lågare styrehonorar for dei pengeutdelande stiftelsane.


Gjennomsnittleg styrehonorar samanhølde med eigenkapital i intervallar fordelt på type stiftelse



(sum for pengeutdelande stiftelsar, 0-1 million, er korrigert til 8278 i versjon 2)

5.9. Dagleg leiar


Totalt opplyste 3 048 stiftelsar at dei hadde dagleg leiar i 2014. Men på spørsmål om kva dei betalte dagleg leiar i 2014, er det berre 56 % av desse som har svart at dagleg leiar er lønt. Vi har innarbeidd svara vi har fått, i følgjande diagram:



For det første viser diagrammet at ein stor del daglege leiarar ikkje får løn, og at dette fordeler seg nokolunde likt mellom dei pengeutdelande stiftelsane og aktivitetsstiftelsane. Vidare ser ein at dei høgare løningane til dagleg leiar i stor grad ligg i aktivitetsstiftelsane. Etter vår oppfatning er skilnaden mellom dei pengeutdelande stiftelsane og aktivitetsstiftelsane naturleg, og det samsvarer godt med andre variablar som tilseier at det er noko mindre arbeid, honorar og kostnader i dei stiftelsane som hovudsakleg deler ut pengar, medan aktivitetsstiftelsane har heiltidstilsette og større administrasjonskostnader.

5.10. Samanheng mellom eigenkapital og løn til dagleg leiar

Vi har òg sett på om det kan vere ein samanheng mellom løn til dagleg leiar og eigenkapital (korr. ver. 2). Då har vi berre sett på dei stiftelsane der dagleg leiar får løn.




For det første viser diagrammet ein klar samanheng mellom eigenkapital og løn til dagleg leiar. For det andre viser diagrammet at det ikkje er stor skilnad mellom gjennomsnittstal og median, noko som fortel at lønskostnaden er relativt likt fordelt innanfor dei ulike intervalla.

Blant dei stiftelsane som har dagleg leiar og som betaler løn, er gjennomsnittsløna 446 617 kroner. Den reelle gjennomsnittsløna blant dei 3 048 stiftelsane som har dagleg leiar, er om lag halvparten, 249 683 kroner, men der er medianen så låg som 161 000 på grunn av den store delen som ikkje får løn.

5.11. Samanheng mellom styrehonorar og løn til dagleg leiar

Vi har også sett på om det er ein samanheng mellom styrets honorar og løn til dagleg leiar. Vi har då samanlikna styrehonorara i dei stiftelsane som løner dagleg leiar, og dei som ikkje løner dagleg leiar – men altså berre dei stiftelsane som har dagleg leiar.



Det kjem ganske klart fram av diagrammet at styrehonoraret aukar når dagleg leiar får løn.

5.12. Revisjonskostnader

Stiftelsane er revisjonspliktige etter stiftseslova. Revisor har ei rekke oppgåver i samband med oppretting og avvikling av stiftelsar, men har også faste plikter gjennom året, jf. stiftseslova § 44 mfl. Vi har spurta stiftelsane kva kostnader dei hadde til revisjon i 2014.

	Pengeutdelande stiftelsar	Aktivitetsstiftelsar	Totalt
Sum	25 074 451	90 115 374	115 189 825
Snitt	7 710	29 173	18 029
Median	3 750	14 625	
Snitt betalande	10 589	31 085	20 804

Som ein ser, opplyste stiftelsane at dei hadde betalt til saman 115 millionar kroner for revisjon i 2014. Snittkostnaden var på 18 029 kroner, men om ein justerer for at totalt 804 stiftelsar ikkje betalte for revisjon, er gjennomsnittskostnaden blant dei betalande stiftelsane 20 804 kroner. At så mange som 804 stiftelsar ikkje betaler for revisjon, skuldast ei tilknyting der kostnaden blir dekt av andre.

Dei pengeutdelande stiftelsane rapporterte inn kostnader til revisjon på til saman 25 millionar kroner i 2014. Gjennomsnittskostnaden var 7 710 kroner og mediankostnaden 3 750 kroner. 614 pengeutdelande stiftelsar opplyser at dei ikkje har betalt for revisjonskostnader, slik at den reelle snittkostnaden for dei stiftelsane som har betalt for revisjon, var 10 589 kroner.


Aktivitetsstiftelsane rapporterte inn kostnader til revisjon på til saman 90 millionar kroner i 2014. Gjennomsnittskostnaden var 29 173 kroner og mediankostnaden 14 625 kroner. 190 pengeutdelande stiftelsar opplyser at dei ikkje har betalt for revisjonskostnader, slik at den reelle snittkostnaden for dei stiftelsane som har betalt for revisjon, var 31 085 kroner.

6. Funn – pengeutdelande stiftelsar

Når det gjeld aktivitetsstiftelsane, ligg det i korta at dei har svært stort sprik i styrets oppgåver. Når det gjeld dei pengeutdelande stiftelsane, er dette ei litt meir homogen gruppe. Men sjølv sagt er det også innanfor dei pengeutdelande stiftelsane store skilnader. Mellom anna er det fleire som driv aktivitetar i tillegg til å dele ut pengar. Derfor vil dei på mange måtar vere like lite homogene som dei stiftelsane som har svart negativt på om dei i hovudsak deler ut pengar. Vi har like fullt ønskt å undersøke styrets arbeidsoppgåver i dei pengeutdelande stiftelsane.

6.1. Oppgåver utført av styret

Dei stiftelsane som i hovudsak deler ut pengar, har eit relativt homogent formål, nemleg å dele ut pengar til ein angitt krins av personar eller ei på annan måte avgrensa eller spesifisert mottakargruppe. Vi har derfor bede dei pengeutdelande stiftelsane om å svare ja eller nei på om styret i stiftelsen utfører ulike oppgåver. Stiftelsane har svart slik:



Generelt er det nok mange stiftelsar som her har svart nei på om dei har ulike oppgåver, fordi dei har tolka spørsmålet feil. Mange har trudd at dei berre skulle svare ja dersom dei også vurderte dette som ei oppgåve utført mot løn/honorar, men tanken var her å få kjennskap til kva type oppgåver stiftelsane meinte at styret hadde.

Naturleg nok er det mange (79 %) som vedtar utdeling, og talet ville truleg vore høgare om ikkje nokon hadde svart nei fordi dei gjorde dette utan kompensasjon. Vi vil i utgangspunktet, og også ut frå ein del kommentarar, tru at dette talet også er høgare av andre grunnar, blant anna om det hadde gått klarare fram at styret generelt såg på dette som si oppgåve. Nokre har svart ut frå om dette var ei oppgåve for styret i 2014, og sagt nei fordi det ikkje blei vedtatt utdeling det året. Det å vedta at ein ikkje skal dele ut midlar, eller om dette ligg til eit anna år, skulle i utgangspunktet også gitt eit positivt svar. Vidare viser diagrammet at styret i stor grad får søknader førebudde av andre, men at mange

(43 %) også er direkte involverte i dette arbeidet. Over ein tredjedel (36 %) vurderer kontakt med stiftelsens revisor som si oppgåve. Vi ville trudd at svaret her ville vore nær 100 %, men forstår det slik at mange har tolka spørsmålet innskrenkande: Dei har trudd at eit positivt svar krev at ein hadde kontakt med revisor utover det som er nødvendig i eit normalår, sidan stiftelsane har revisjonsplikt, og at dette naturleg nok ikkje fordrar ytterlegare honorar/kompensasjon.

I kategorien «Anna», som 18 % har svart, er det nemnt ei rekke mindre oppgåver. Det ligg også ei feilkjelde her, sidan ein del stiftelsar har nytta feltet til å forklare kvifor ein ikkje har dei ulike oppgåvene.

Vi har forsøkt å sjå om det er ein samanheng mellom styrehonoraret og styrets oppgåver, det vil seie om styrets honorar aukar med tal oppgåver. Så vidt vi har klart å avdekke, er det ikkje nokon klar samanheng mellom tal oppgåver og styrehonorar. Styrehonoraret har då ein langt klarare samanheng med eigenkapital (punkt 5.8) og dagleg leiars løn.


6.2. Kostnader til administrasjon

Det er generelt sett låge administrasjonskostnader i svært mange stiftelsar. Dette skuldast mellom anna at mange får utført administrative oppgåver på dugnad og eller utan å betale vederlag. I enkelte stiftelsar er det ein annan organisasjon tilknytt stiftelsen som dekker slike kostnader, og mange stiftelsar har ei kommunal tilknyting som gjer at dei får ein del tenester, for eksempel forretningsføring, utført på kommunen si rekning. Bildet er likevel lite homogent, og nokre stiftelsar har også høge administrasjonsutgifter.

I tillegg til eksterne kostnader, som blir gjennomgått nedanfor, har mange stiftelsar også tilsette, og av desse svært mange med låg stillingsprosent. Dei pengeutdelande stiftelsane rapporterte for 2014 samla lønskostnader for andre administrativt tilsette på 164 millionar kroner fordelt på 625 årsverk. Også her er det nokre få stiftelsar som står for dei store tala, då dei 5 stiftelsane med flest årsverk til saman hadde 488,8 årsverk, og dei to med flest årsverk til saman hadde om lag 370 årsverk.

6.3. Eksterne tenester

Dei pengeutdelande stiftelsane blei bedne om å svare på om dei brukte fire typar eksterne tenester, og svarprosenten var som følger blant dei 3 276 pengeutdelande stiftelsane:



6.6.1 Ekstern forretningsførar

Dei pengeutdelande stiftelsane blei bedne om å svare på om dei hadde ekstern forretningsførar i 2014, og kor mykje dei hadde betalt for tenesta. 33 % svarte at dei nytta slike tenester, og i sum brukte dei 45 millionar kroner.

Det var 5 stiftelsar som betalte meir enn 1 million kroner, og til saman 55 stiftelsar som betalte meir enn 100 000 kroner. 533 stiftelsar betalte inntil 20 000 kroner, og 310 av stiftelsane som opplyste at dei hadde forretningsførar, opplyste samtidig at dei ikkje betalte for tenesta. Vi har sett mange ulike forklaringar på kvifor: Ein del stiftelsar har kommunal tilknyting og får forretningsførar dekt av den aktuelle kommunen. Andre stiftelsar har nær tilknyting til ein juridisk person som dekker tenesta.

I snitt betalte dei pengeutdelande stiftelsane 41 900 kroner i honorar til ekstern forretningsførar, men fordi svært mange stiftelsar betaler lite eller ingenting, er medianen 5 000.

6.6.2 Ekstern rekneskapsførar

Dei pengeutdelande stiftelsane blei bedne om å svare på om dei hadde ekstern rekneskapsførar i 2014, og kor mykje dei hadde betalt for tenesta. 46 % svarte at dei nytta slike tenester, og i sum brukte dei 24 millionar kroner.

Det var 49 stiftelsar som betalte meir enn 100 000 kroner. 861 stiftelsar betalte inntil 20 000 kroner, og 446 av stiftelsane som opplyste at dei hadde rekneskapsførar, opplyste samtidig at dei ikkje betalte for tenesta.

I snitt betalte dei pengeutdelande stiftelsane 15 971 kroner, men fordi svært mange stiftelsar betaler lite eller ingenting, er medianen 4 000.


6.6.3 Kostnader til ekstern kapitalforvaltar

Dei pengeutdelande stiftelsane blei bedne om å svare på om dei hadde ekstern kapitalforvaltar i 2014, og kor mykje dei hadde betalt for tenesta. 20 % svarte at dei nytta slike tenester, og i sum brukte dei 89 millionar.

Det var 15 stiftelsar som betalte meir enn 1 million kroner, og til saman 87 stiftelsar som betalte meir enn 100 000 kroner. 261 stiftelsar betalte inntil 20 000 kroner, og 172 av stiftelsane som opplyste at dei hadde kapitalforvaltar, opplyste samtidig at dei ikkje betalte for tenesta.

I snitt betalte dei pengeutdelande stiftelsane 132 732 kroner, men fordi svært mange stiftelsar betaler lite eller ingenting, er medianen 8 080.

Ettersom kapitalforvaltarar skal forvalte kapitalen til stiftelsane, ville vi også sjå på samanhengen mellom stiftelsens eigenkapital og i kva grad dei hadde knytt til seg kapitalforvaltar. Svara viser ein klar samanheng mellom eigenkapital og bruk av kapitalforvaltar.



6.6.4 Juridisk/økonomisk rådgivar

Dei pengeutdelande stiftelsane blei bedne om å svare på om dei hadde ekstern juridisk/økonomisk rådgivar i 2014, og kor mykje dei hadde betalt for tenesta. 7 % svarte at dei nyttar slike tenester, og i sum brukte dei 10 millionar kroner.

Det var 22 stiftelsar som betalte meir enn 100 000 kroner. 131 stiftelsar betalte inntil 20 000 kroner. 11 av stiftelsane som opplyste at dei hadde ekstern juridisk/økonomisk rådgivar, opplyste samtidig at dei ikkje betalte for tenesta.

I snitt betalte dei pengeutdelande stiftelsane 46 553 kroner, og medianen er 12 428. Det viser at nokre få stiftelsar trekker opp snittkostnaden.

7. Funn – aktivitetsstiftelsar

Dei stiftelsane som ikkje i hovudsak deler ut pengar, er ei mindre homogen gruppe enn dei pengeutdelande stiftelsane, og vi stilte derfor ikkje denne gruppa spørsmål om dei same oppgåvene som dei pengeutdelande. Utdelingar, eigenkapital, tidsbruk, styrehonorar, dagleg leiar og revisjonskostnader er omtalt generelt i punkt 5.3–5.12 ovanfor.

Vi stilte også aktivitetsstiftelsane spørsmål om andre administrativt tilsette og dei direkte lønskostnadene knytt til dette. Til forskjell frå dei pengeutdelande stiftelsane har aktivitetsstiftelsane, som har ei verksemd å drive eller ein aktivitet å utføre, i større grad behov for tilsette og anna administrasjon som kan utføre desse oppgåvene.

Aktivitetsstiftelsane rapporterte for 2014 samla lønskostnader for andre administrativt tilsette på 3,9 milliardar kroner fordelt på 10 820 årsverk. Også her er det nokre få stiftelsar som drar opp tala. Dei fem aktivitetsstiftelsane som hadde høgast lønskostnader, hadde til saman nær 2 milliardar kroner i lønskostnader i 2014. Desse fem stiftelsane hadde også til saman 6 177 årsverk. Ut frå nokre overslagsmessige kontrollar vi har utført, er mellom 1/3 og halvparten av desse lokalt tilsette i land utanfor Noreg der stiftelsane utfører og får utført sine aktivitetar. Dette har betydning for kostnadsnivået, men viser dessutan at norske stiftelsar ikkje berre sysselset arbeidstakrar i Noreg, men også i utlandet.

8. Konklusjon

Målet med undersøkinga var å undersøke utdelte midlar, nivået på styrehonorar, tid til styrearbeid og andre administrasjonskostnader i norske stiftelsar. Vi ville også dele inn tala i to hovudkategoriar ut frå om stiftelsane i hovudsak delte ut pengar, eller om dei i hovudsak hadde anna aktivitet som formål.

Stiftelsane deler ut meir enn før, i alt 4 milliardar kroner. Dette er eit stort beløp, og i tillegg kjem dei aktivitetane stiftelsane driv, og som ikkje lèt seg kvantifisere på same måte. Undersøkinga viser at det går meir pengar til slike formål enn til utdeling av midlar.

Då vi sende ut undersøkinga, hadde vi som arbeidshypotese at dei pengeutdelande stiftelsane relativt sett var mindre enn aktivitetsstiftelsane, og at aktivitetsstiftelsane relativt sett hadde høgare styrehonorar. Begge desse teoriane viste seg å stemme, men vi har fått eit langt meir nyansert bilde av situasjonen.

Trass i ein netto nedgang i tal stiftelsar i seinare år, og ein trend i retning av færre og større stiftelsar, ser vi at det like fullt er mange stiftelsar som opererer med avgrensa midlar. Om lag 44 % av stiftelsane har under 1 million kroner i eigenkapital. Like fullt evnar dei å realisere formålet sitt, anten det er utdeling eller anna aktivitet. Ein god del stiftelsar har gjennom ulike ordningar rett nok svært låge kostnader, for eksempel til revisjon og forretningsførar, men dette er ordningar som ikkje er tilgjengelege for alle stiftelsar.

Vi ville også sjå om vi kunne vise samanhengar mellom styrehonorar og andre variablar. I det generelle bildet har vi mellom anna funne at det er samsvar mellom styrehonorar og eigenkapital: Styrehonoraret aukar med eigenkapitalen. Vi har også vist at det er ein klar samanheng mellom styrehonorar og det forhold at stiftelsen har ein lønt dagleg leiar. Vi har i tillegg funne eit klart samsvar mellom tidsbruk og honorar, for dei fleste stiftelsar har få styremøte, bruker lite tid på styrearbeid og har låge honorar. Motsett er det nokre få stiftelsar som bruker mykje tid og har høge honorar. I tillegg til dette avvik enkelte stiftelsar til dels vesentleg, noko ein må ta omsyn til når ein les tala.

Vi har også sett at revisjonskostnadene varierer veldig for stiftelsane. I det lovarbeidet som er i gang no, ser ein mellom anna på om det skal gjerast unntak for revisjonsplikt for nokre stiftelsar, og vi har spelt inn både tala frå undersøkinga og våre erfaringar. På den eine sida kan det oppgitte nivået på revisjonskostnader takast til inntekt for at dette er ei utgift stiftelsane kan og bør klare. På den andre sida er vår erfaring at det er mange stiftelsar, spesielt blant dei pengeutdelande stiftelsane, som har ei så marginal avkastning på kapitalen at sjølv heilt små kostnader kan utgjere forskjellen på om dei klarer å realisere formåla sine.

Stiftelsestilsynets oppgåve er å føre tilsyn med at stiftelsane held seg innanfor det lovlege. Styret skal i tillegg til å drive lovleg også finne det mest hensiktsmessige nivået på honorar og kostnader med eit overordna mål: å ivareta stiftelsens formål best mogleg. Sjølv om ein kan finne rettleiing i dei generelle tala og trendane i undersøkinga, må ein hugse at det i alle enkeltilfelle må gjerast ei konkret vurdering.

Vi ser på undersøkinga som eit viktig bidrag til innsikt og kunnskap om norske stiftelsar spesielt og deira bidrag til samfunnet generelt. Stiftelsestilsynet vil framheve dei positive funna og nytte høvet til å anerkjenne dugnadsarbeidet som blir gjort. Det er mange årsaker til at folk tek på seg styreverv, og det at stiftelsar utfører ei samfunnsnyttig oppgåve, kan vere god motivasjon for gratis styrearbeid. Samstundes vil vi peike på at honorar kan vere eit viktig middel for å sikre eit verdiskapande styre som igjen sikrar realisering av formålet.

9. Vedlegg - kopi av spørjeskjema frå temaundersøkinga



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Temaundersøking Stiftelsestilsynet 2016

Temaundersøking 2016 – styrehonorar og administrasjonskostnader

I løpet av dei nærmaste dagane vil alle norske stiftelsar få eit kort frå Stiftelsestilsynet om Temaundersøkinga 2016. I Temaundersøkinga 2016 skal vi kartlegge styrearbeid og administrasjonskostnader i norske stiftelsar. Det er obligatorisk for alle stiftelsar å svare på Temaundersøkinga.

Nærare informasjon om Temaundersøkinga finn du på kortet eller på Stiftelsestilsynet si nettside: www.stiftelsestilsynet.no.

Sentrale problemstillingar i undersøkinga:

- Kva er nivået på styrehonorar i norske stiftelsar?
- Kva for oppgåver utfører styremedlemmer og kor mykje tid går til styrearbeid?
- Har stiftelsen dagleg leiar? Kva for oppgåver utfører dagleg leiar?
- Har stiftelsen andre administrativt tilsette enn dagleg leiar?

For å kunne svare på undersøkinga reknar vi med at stiftelsen må finne tal frå spesifisert rekneskap 2014. Vi er klar over at einskilde opplysningar vi spør etter er å finne i notar i årsrekneskapen. Grunnen til at vi likevel spør, er at informasjon i notar i årsrekneskapen må hentast ut manuelt.

Det tar 10 til 20 minuttar å svare på undersøkinga. Slik går du fram:

- Gå til Stiftelsestilsynet si nettside: www.stiftelsestilsynet.no
- Trykk på svarknappen til undersøkinga - vel bokmål/nynorsk.
- Organisasjonsnummeret finn du i adressefeltet på kortet.

Temaundersøkinga skal svarast på innan 11. april 2016. Postadresse og e-postadresse vi har nytta er identiske med adressene som er registrert i Enhetsregisteret.

Du kan svare fleire gonger (om du for eksempel ønskjer å korrigere første svar).

Dersom denne e-postadressa ikkje lenger er gyldig, gjer vel å sende vidare til rett person i stiftelsen. Vi ber samstundes stiftelsen sitt styre om å sjå til at korrekt e-postadresse er registrert i Enhetsregisteret. Å registrere ei e-postadresse vil effektivisere all kontakt med Stiftelsestilsynet, slik som søknadshandsaming, andre undersøkingar, utsending av informasjon mv.

Rapport frå undersøkinga blir offentleggjord i november 2016. Alle som har registrert e-postadresse vil automatisk få tilsendt lenke til rapporten på e-post. Undersøkinga vil også bli tema på Stiftelseskonferansen i Førde våren 2017.

Takk for at du tar deg tid til å svare!

1) * Namnet på stiftelsen

For ein tydig identifikasjon av stiftelsen: Skriv inn 9 siffer utan mellomrom. Eksempel 999888777**2) * Organisasjonsnummer**

Førenamn

3) * Namn på person som svarer for stiftelsen: (førenavn)

Etternavn:

4) * Namn på person som svarer for stiftelsen: (etternavn)**5) * Rolle for person som svarer for stiftelsen:**Vel alternativ

Vi ber om e-postadresse slik at vi kan ta direkte kontakt med den som svarer på vegne av stiftelsen.

Vi ber for øvrig stiftelsens styre sørge for registrering av korrekt e-postadresse i Enhetsregisteret. Å registrere ei e-postadresse vil effektivisere all kontakt med Stiftelsestilsynet, slik som søknadshandsaming, andre undersøkingar, utsending av informasjon mv.

Alle som har registrert e-postadresse vil automatisk få tilsendt lenke til rapport frå Temaundersøkinga på e-post.

6) * E-postadresse

Stiftelse som hovudsakleg driv utdeling av pengar

Vi ønskjer å vite om stiftelsen hovudsakleg driv utdeling av pengar til bestemde formål.

7) * Driv stiftelsen hovudsakleg utdeling av pengar (kryss av)? Ja Nei

Informasjon om styrehonorar

Med honorar meiner vi utbetalingar til styremedlemmer, herunder faste honorar f.eks. årlege og/eller variable honorar som f.eks. utbetaling per styremøte.

8) * Betalte stiftelsen honorar til styremedlem(er) i 2014? Ja Nei

Informasjon om styrehonorar

Med honorar meiner vi alle godtjersler til styremedlemmer, herunder faste honorar f.eks. årlege og/eller variable honorar som f.eks. utbetaling per styremøte.

Betaling for arbeid som blir faktureret separat eller lønna etter eigen avtale, skal ikke takast med under dette spørsmålet.

Dekning av eventuelle utgifter styremedlemmene eller stiftelsen har hatt knytt til styrevervet, skal heller ikke takast med under dette spørsmålet.

Vi er klar over at einskilde opplysninger vi spør om er å finne i notar i årsrekneskapen. Vi spør likevel fordi informasjonen i notar i årsrekneskapen må hentast ut manuelt

I heile kroner utan mellomrom.

9) * Kva var samla utbetaling av styrehonorar i 2014?

I heile kroner utan mellomrom

10) * Kor mykje vart utbetalt til styreleiar i 2014?

I heile kroner utan mellomrom

11) * Kor mykje vart utbetalt til andre styremedlem(mer) i 2014?

I heile kroner utan mellomrom

12) * Kor mykje vart utbetalt til varamedlem i 2014?



Informasjon om kostnader utover styrehonorar knytt til styrearbeid i 2014

Her ønskjer vi summen av kostnader til reise, opphold, servering mv. refundert til styremedlemmer og/eller betalt av stiftelsen. Andre kostnader som kan knytast direkte til styret sitt arbeid og styremøte, med unntak av sjølve honorara, skal også takast med.

I heile kroner utan mellomrom

13) * Kva var stiftelsen sine kostnader utover styrehonorar til styrearbeid i 2014?

Informasjon om styret sine arbeidsoppgåver

Her ønskjer vi informasjon om kva for arbeidsoppgåver styremedlemmene utfører sjølv og som lønnast med styrehonorar

Arbeidsoppgåver som blir fakturert separat eller etter eigen avtale, skal ikkje takast med her.

Kryss av for det som passar.

14) * Kva for følgjande oppgåver utførte styremedlemmene sjølv i 2014 (kryss av)?

- Arbeid med søknader (kontakt med søkerar, utarbeiding av innstilling mv.)
- Vedta utdelingar
- Rekneskapsføring
- Kontakt med ekstern rekneskapsførar
- Kapitalforvaltning
- Kontakt med ekstern kapitalforvaltar
- Juridisk arbeid
- Økonomisk arbeid
- Kontakt med ekstern leverandør av juridiske og økonomiske tenester
- Annonsering
- Kontakt med revisor
- Anna



Informasjon om styret sine arbeidsoppgåver

Her ønskjer vi informasjon om all tid styremedlemmene brukar på styrevetet, f.eks. til førebuing, gjennomføring av styremøte og anna. Oppgi totalt talet på timer for samlede styremedlemmer.

15) * Kor mykje tid brukte styremedlemmene på styrearbeid i 2014?.

- 0 - 24 timer
- 25 - 49 timer
- 50 - 74 timer
- 75 - 99 timer
- 100 - 149 tima
- 150 - 199 timer
- over 200 timer

16) * Kor mange styremøte vart avvikla i 2014?



Informasjon om dagleg leiar

Med dagleg leiar meiner vi ein person som står for den daglege leiinga av stiftelsen, uavhengig av kva for tittel vedkomande har.

17) * Hadde stiftelsen dagleg leiar i 2014?

- Ja
- Nei

Informasjon om dagleg leiar

18) * Kva var dagleg leiar si løn i 2014?

Informasjon om dagleg leiar

19) * Kva slags arbeid utførte dagleg leiar i 2014? (kryss av)

- Arbeid med søknader (kontakt med søkerar, utarbeide innstilling mv.)
- Vedta utdelingar
- Føre rekneskap
- Kapitalforvaltning
- Kontakt med ekstern kapitalforvaltar
- Juridisk arbeid
- Økonomisk arbeid
- Kontakt med ekstern leverandør av juridiske og økonomiske tenester
- Annonsering
- Kontakt med revisor
- Anna, spesifiser

Informasjon om dagleg leiar

20) Kva for stillingsprosent hadde dagleg leiar i 2014? (kryss av)

- 0 - 9%
- 10- 39%
- 40 - 59%
- 60 - 79%
- 80 - 100%



Informasjon om andre administrativt tilsette enn dagleg leiar

Her ønskjer vi informasjon om stiftelsen har andre administrativt tilsette enn dagleg leiar.

21) * Hadde stiftelsen andre administrativt tilsette enn dagleg leiar i 2014?

- Ja
- Nei

Informasjon om andre administrativt tilsette

22) * Kor mange årsverk utgjorde andre administrativt tilsette enn dagleg leiar i 2014?

23) * Oppgi totale lønnskostnader for andre administrativt tilsette enn dagleg leiar i 2014

Informasjon om tenester stiftelsen kjøper inn eksternt

Her ønskjer vi informasjon om kva for tenester stiftelsen kjøpte inn eksternt i 2014, herunder også tenester levert frå styremedlemmer og som blir fakturert særskilt.

Dersom stiftelsen kjøpte inn dei aktuelle tenestene i 2014, ber vi om at de skriv inn kor mykje stiftelsen betalte.

24) * Hadde stiftelsen ekstern forretningsførar i 2014?

- Ja
- Nei



Ekstern forretningsførar

25) * Ekstern forretningsførar - oppgi sum 2014



Ekstern rekneskapsførar

26) * Hadde stiftelsen ekstern rekneskapsførar i 2014?

- Ja
- Nei



Ekstern rekneskapsførar

27) * Ekstern rekneskapsførar - oppgi sum 2014



Ekstern kapitalforvaltning

Her ønskjer vi informasjon om kva stiftelsen totalt betalte for ekstern kapitalforvaltning i 2014. Dette kan vere honorar som blir fakturert separat og/eller kostnader som blir trekte frå avkastninga til stiftelsen.

28) * Hadde stiftelsen ekstern kapitalforvaltar i 2014?

- Ja
- Nei

Ekstern kapitalforvaltning

Her ønskjer vi informasjon om kva stiftelsen betalte totalt for ekstern kapitalforvaltning i 2014. Dette kan vere honorar som blir fakturert separat og/eller kostnader som blir trekte frå avkastninga til stiftelsen.

29) * Tenester knytt til forvaltning av kapital - oppgi sum for 2014



Revisjonskostnader

Her ønskjer vi informasjon om kva stiftelsen betalte for lovbestemt revisjon i 2014. Vi ber om at eventuelle kostnader til rådgjeving frå revisor ikkje takast med her.

30) Kor mykje betalte stiftelsen for revisjon i 2014?

Eksterne rådgjevingstenester

31) * Kjøpte stiftelsen eksterne tenester som juridisk eller økonomisk rådgjeving i 2014?

- Ja
- Nei



Eksterne rådgjevingstenester

32) * Kor mykje betalte stiftelsen for ekstern juridisk eller økonomisk rådgjeving i 2014?



Utdelinger til formålet

33) Delte stiftelsen ut pengar i 2014?

- Ja
- Nei



Utdelinger til formålet

I heile kroner utan mellomrom

34) * Kor mykje delte stiftelsen ut i 2014?

35) * Betalte stiftelsen honorar til styremedlemmer i 2014?

- Ja
- Nei

Informasjon om styrehonorar

Med honorar meiner vi all godtgjersle til styremedlemmer, herunder faste honorar f.eks. årlege og/eller variable honorar som f.eks. utbetaling per styremøte.

Betaling for arbeid som blir fakturert separat eller lønna etter eigen avtale, skal ikkje takast med under dette spørsmålet.

Dekning av eventuelle utgifter styremedlemmene eller stiftelsen har hatt i i samband med styrevervet, skal heller ikkje takast med under dette spørsmålet.

Vi er klar over at einskilde opplysningar vi spør etter er å finne i notar i årsrekneskapen. Vi spør likevel fordi informasjon i notar i årsrekneskapen må hentast ut manuelt.

I heile kroner utan mellomrom

36) * Kor mykje betalte stiftelsen i styrehonorar i 2014?

I heile kroner utan mellomrom

37) * Kor mykje vart utbetalt til styreleiar i 2014?

I heile kroner utan mellomrom

38) * Kor mykje vart utbetalt til andre styremedlem(mer) i 2014?

I heile kroner utan mellomrom

39) * Kor mykje vart utbetalt til varamedlem(mer) i 2014?



Informasjon om kostnader knytt til styrearbeid i 2014

Her ønskjer vi summen av kostnader til reise, opphold, servering mv. refundert til styremedlemmer og/eller betalt av stiftelsen. Andre kostnader som kan knytast direkte til styret sitt arbeid og styremøte, med unntak av sjølvé honorara, skal også takast med.

I heile kroner utan mellomrom

40) * Kva var stiftelsen sine kostnader til styrearbeid i 2014?

Informasjon om styrearbeid

Her ønskjer vi informasjon om all tid styremedlemmene brukar på styrevervet, f.eks. til førebuingar, gjennomføring av styremøte og anna. Oppgi totalt tal på timer for samlede styremedlemmer.

41) * Kor mykje tid brukte styremedlemmene på styrearbeid i 2014?

- 0 - 24 timer
- 25 - 49 timer
- 50 - 74 timer
- 75 - 99 timer
- 100 - 149 timer
- 150 - 199 timer
- over 200 timer

42) * Kor mange styremøte vart haldne i 2014?



Informasjon om dagleg leiar

Med dagleg leiar meiner vi ein person som står for den daglege leiinga av verksemda i stiftelsen, uavhengig av kva for tittel vedkomande har.

43) * Hadde stiftelsen dagleg leiar i 2014?

- Ja
- Nei

Informasjon om daglig leiar

44) * Kva var løna til dagleg leiar i 2014?

45) Kva for stillingsprosent hadde dagleg leiar i 2014? (kryss av)

- 0 - 9 %
- 10 - 39%
- 40 - 59%
- 60 - 79%
- 80 - 100%

Informasjon om andre administrativt tilsette enn dagleg leiar

Her ønskjer vi informasjon om stiftelsen har andre administrativt tilsette enn dagleg leiar.

46) * Hadde stiftelsen andre administrativt tilsette enn dagleg leiar i 2014?

- Ja
- Nei

Informasjon om andre administrativt tilsette

47) * Kor mange administrative årsverk hadde stiftelsen i 2014 med unntak av dagleg leiar?

48) * Oppgi totale lønskostnader for 2014 for andre administrativt tilsette enn dagleg leiar?



Revisjonskostnader

Her ønsker vi informasjon om kva stiftelsen betalte for lovbestemt revisjon i 2014. Vi ber om at eventuelle kostnader til rådgjeving frå revisor ikkje takast med her.

49) Kor mykje betalte stiftelsen for revisjon i 2014?



Utdelingar til formålet

Vi er klar over at ikkje alle stiftelsane i denne undersøkinga deler ut pengar. Men dersom stiftelsen delte ut pengar i 2014, ønsker vi opplyst kor mykje stiftelsen delte ut.

50) * Delte stiftelsen ut pengar i 2014?

- Ja
- Nei



Utdelingar til formålet

I heile kroner utan mellomrom

51) * Kor mykje delte stiftelsen ut i 2014?

Anna informasjon om stiftelsen

Vi gjer merksam på at vi under arbeidet med undersøkinga kjem til å innhente informasjon registrert i Enhetsregisteret/Foretaksregisteret, i tillegg til stiftelsen sin årsrekneskap.

52) Eventuelle kommentarar til undersøkinga?



Lotteri-
og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde

Tlf.: 57 82 80 00

postmottak@lottstift.no

lottstift.no

